

Tilstandsrapport for grunnskulen i Luster kommune 2010



Innhold

1. Samandrag	2
2. Hovudområde og indikatorar	3
2.1. Elevar og undervisningspersonale	3
2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk	3
2.1.2. Lærartettleik	4
2.2. Læringsmiljø	5
2.2.1. Mobbing på skolen	5
2.2.2. Fagleg rettleiing	7
2.2.3. Trivsel med lærarane	8
2.2.4. Meistring	10
2.2.5. Fagleg utfordring	11
2.3. Resultat	13
2.3.1. Nasjonale prøvar lesing 5. steget	13
2.3.2. Nasjonale prøvar lesing ungd. steg	15
2.3.3. Nasjonale prøvar rekning 5. steget	17
2.3.4. Nasjonale prøvar rekning ungd. steg	18
2.3.5. Nasjonale prøvar engelsk 5. steget	20
2.3.6. Nasjonale prøvar engelsk ungd. steg	22
2.3.7. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk	23
2.3.8. Grunnskulepoeng	25
2.4. Gjennomføring	26
2.4.1. Overgang frå grunnskule til VGO	26
2.5. Spesialpedagogisk undervisning	27
3. System for oppfølging (internkontroll)	28
4. Konklusjon	29

1. Samandrag

Det er fastsett i opplæringslova og privatskulelova at skuleeigar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I Stortingsmelding nr. 31(2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Rapporten om tilstanden(tilstandsrapporten) i opplæringa skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs kommunestyret, (jf opplæringslova § 13-10 andre ledd). Det følgjer av forarbeida til føresegnene - Ot. prp. nr 55 (2008-2009) s. 24 - at det skal vere mogleg å tilpasse arbeidet med å utarbeide ein årleg tilstandsrapport til det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hjå skuleeigaren.

Rapporten vert lagd fram i vårhalvåret 2011.

I 2010 har grunnskulen i Luster hatt fylgjande einingar:

Dale skule (1.-7. klasse)

Gaupne skule (1.-7.klasse)

Hafslo barne- og ungdomsskule (1.-10. klasse)

Indre Hafslo skule (1.-7. klasse)

Jostedal skule (1.-7.klasse)

Luster ungdomsskule (8.-10. klasse)

Skjolden skule (1.-7. klasse)

Solvorn skule (1.-7. klasse)

Veitastrond skule (1.-7. klasse). Administrert frå Hafslo barne- og ungdomsskule.

Skulane i Luster har samarbeidd om desse tema i 2010:

- LKK, kvalitetssystem og vidare kvalitetsutvikling.
- Olweusprogrammet, eit program mot mobbing, og for god trivsel.
- Palsprogrammet, program for positiv atferd og støttande læringsmiljø.
- Vurdering, 4 skular med i ei nasjonal satsing på vurdering og rettleiing.
- Kompetanseutvikling.
- Fagnettverk, lokale og regionale.

Oversiktar og tabellar i rapporten viser at mykje av arbeidet i skulen gjev gode resultat, både fagleg og sosialt. Dette kjem fram i undersøkingar om trivsel, læringsmiljø, og gjennom faglege resultat.

Grunnskulen har likevel ei viktig oppgåve vidare med å prøva å auka prestasjonane på nokre område, slik at dei i større grad ligg på fylkesnivået.

Det er difor viktig å setje inn tiltak der, sjå kommentar under resultat for nasjonale prøvar.

Illustrasjonar er henta frå Skuleporten

2. Hovudområde og indikatorar

2.1. Elevar og undervisningspersonale

Om Elevar og undervisningspersonale

Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med desse indikatorane i tilstandsrapporten:

- talet på elevar og lærarårsverk (sum årsverk for undervisningspersonalet)
- lærartettleik (lærartettleik 1.-7. steget, lærartettleik 8.-10. steget)

2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk

Talet på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskolar per 1. oktober det aktuelle skoleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskoleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskole. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskoleopplæring.

Sum årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser totalsummen for årsverk for undervisningspersonalet. I denne indikatoren inngår følgjande delskåre:

- Delen av årsverk for undervisningspersonale utan godkjend utdanning, barnesteget
- Delen av årsverk for undervisningspersonale utan godkjend utdanning, ungdomssteget.

Lokale mål

Alle tilsette i grunnskulen i Luster skal ha godkjend utdanning for arbeidet dei skal utføre. For ungdomssteget vert det krevd 60 studiepoeng i skriftlege fag, jf Opplæringslova.

Luster kommune skoleeigar | Fordelt på periode

Offentleg | Alle trinn | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2004-05	2005-06	2006-07	2007-08	2008-09	2009-10
Talet på elevar	728	708	702	667	669	679
Sum beregnede årsverk for undervisningspersonale	73	72	75	74	75	83

Luster kommune skoleeigar, Grunnskule, Antall elevar og lærerårsverk

Vurdering

Elevtalet i kommunen er stabilt med ein liten oppgang dette året. Ved nokre skular er det færre elevar, medan andre skular har fleire elevar. Er ein viss auke i lærarstillingar, dette skuldast ein auke i spesialpedagogiske tiltak.

Alle lærarstillingane er dekkja med personale med utdanning etter krav. På kortare vikariat, og i einskildtimar klarar ein ikkje alltid oppfylle dette godt nok. I periodar med mykje lærarfråvær kan det vere vanskeleg å få fatt på kvalifiserte vikarar.

Kompetanseplanen, gjeldande frå 2009-2012 legg føringar for arbeid med vidare prioriteringar på etter- og vidareutdanning for undervisningspersonalet i Luster kommune.

2.1.2. Lærartettleik

Lærartettleik 1.-7. steget


Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 7. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

Lærartettleik 8.-10. steget


Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 8.-10. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

Luster kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk

Offentleg | Alle trinn | Begge kjønn | Periode 2009-10 | Grunnskole



Lærartettleik, elevar pr lærar - fordeling mellom skulane



Lærartettleiken varierar i Luster, dette som følgje av at klassane på ungdomsteget og barnesteget ved Hafslo og Gaupne er store. Klassane/gruppene på dei små barneskulane i kommunen er samansette av fleire årsteg, dette kjem ikkje fram i diagrammet.

2.2. Læringsmiljø

Om Læringsmiljø

Alle elevar og lærlingar skal inkluderast og oppleve meistring. Skoleeigarar og skoleleiarar er pålagde å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. steget og Vg1. Eit utval av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som ligg i Skoleporten. Resultata frå Elevundersøkinga er viste i ein eigen rapportportal.

I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- trivsel
- mobbing på skolen
- fagleg rettleiing
- meistring
- fagleg utfordring

2.2.1. Mobbing på skulen

Indikatoren viser den delen av elevane som fortel at dei har blitt mobba dei siste månadene.


Skala: 1-5. Låg verdi vil seie liten forekomst av mobbing.

Lokale mål

Målet er null mobbing og nulltoleranse av mobbing i Lustraskulen!

Luster kommune skuleigar | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode


Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole



Lusterkommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen

Luster kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Lusterkommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen

Vurdering

Så lenge det er mobbing i skulen er me ikkje godt nok nøgde, målet vårt er "0 mobbing", og så lenge me har mobbing er det ei utfordring alle skulane skal ha fokus på. Tala syner at det er lite mobbing i Luster, og både barnesteget og ungdomsteget ligg betre enn fylket og landet. For barnesteget er det ei betring frå sist år, medan for ungdomsteget er det ein liten auke i mobbing.

Dette er viktig å ta med seg vidare i kampen mot mobbing, og i Olweusarbeidet..

Olweusarbeidet er ein viktig del av kvalitetsarbeidet for å ivareta elevane sine rettar i høve Opplæringslova §9a.

2.2.2. Fagleg rettleiing

Indeksen viser i kva grad elevane føler at dei får god rettleiing. Denne indeksen inkluderer i kor stor grad dei får vite korleis dei kan forbetre seg, og kva for krav det faglege arbeidet set.


Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.

Lokale mål

Målet er å ligge på samme nivå som fylket, og betre enn landsresultatet.

Luster kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode


Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole



Luster kommune skuleeier, Grunnskole, Faglig veiledning

Luster kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Luster kommune skuleeier, Grunnskole, Faglig veiledning

Vurdering

Her ligg barneskulane på samme resultat som sist år, og betre enn fylkets og landets sine resultat.

For ungdomsteget er det ei negativ utvikling som må takast på alvor. Me har svakare resultat enn samanlikna med dei siste åra, og me har svakere resultat enn fylket og landet ellers.

Det vert kjempeviktig å ha fokus på dette vidare, då dette er avgjerande for elevmotivasjon og fagleg utvikling.

4 barneskular (Gaupne, Indre Hafslo, Jostedal og Solvorn) i Luster er no med i ei nasjonal satsing på vurdering; "Vurdering for læring". Dette skal vere med på å gi alle "Lustraelevane" betre grunnlag for eigenvurdering, og skulane/lærarane betre innsikt i vurdering av elevane. Her er rettleiing sentralt.

2.2.3. Trivsel med lærarane

Indeksen viser elevane sin trivsel med lærarane knytt til fag og i kva grad elevane opplever at lærarane er hyggelege.


Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.

Lokale mål

Me har mål om å vere på likt nivå med vårt eige fylke, og betre enn landsresultatet. Det lokale resultatmålet for Luster kommune er 4,4.

Luster kommune skoleeigar | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode


Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole



Lusterkommune skoleeier, Grunnskole, Trivsel med lærerne

Luster kommune skoleeigar | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Lusterkommune skoleeier, Grunnskole, Trivsel med lærerne

Vurdering

Resultata syner at trivsel med lærarane for 7. klasse gir gode resultat, og me ligg godt over både fylket- og landet sine resultat. Dette er statistikk frå elevundersøkingane, og på dei fådelte skulane har alle elevane på mellomsteget(5.-7.klasse) svara, medan det for dei største skulane(Hafslo og Gaupne) er 7. klasseelevane som har delteke.

For 10. klasse ligg me på landsresultatet, og like under resultatata i fylket. Det lokale resultatmålet er ikkje nådd.Dette gir oss ei stadfesting på at Lustraelevane trivst godt samane med lærarane sine, samanlikna med fylket og landet forøvrig.

2.2.4. Meistring

Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen.


Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.

Lokale mål

Målet er å ligge på samme resultat som fylket, og betre enn landsresultatet.


Luster kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole



Luster kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Vurdering

Dette syner at elevane kjenner høg grad av meistring i Lustraskulen. På barnesteget opplever elevane større meistring samanlikna med fylket og landet. På ungdomsteget er det noko mindre enn i fylket og landet. Skilnadane er likevel små.

2.2.5. Fagleg utfordring


Indeksen viser elevane si oppleving av faglege utfordringar i skolearbeidet. Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.

Lokale mål

Målet er å ligge på samme nivå som fylket, og betre enn landet sitt resultat.

Luster kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode


Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole



Luster kommune skuleeier, Grunnskole, Faglig utfordring

Luster kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Luster kommune skuleeier, Grunnskole, Faglig utfordring

Vurdering

Resultata syner at elevane både på barne-og ungdomsteget i Luster kommune føler dei får gode faglege utfordningar i skularbeidet. Samanlikna med fylket og landet, opplever våre elevar i større grad at dei får faglege utfordringar.

2.3. Resultat

Om Resultat

Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

I tilstandsrapporten er desse resultatindikatorane obligatoriske:

- nasjonale prøver på 5., 8. og 9. steget i lesing og rekning
- standpunkt- og eksamenskarakterar i norsk hovudmål, matematikk og engelsk
- grunnskolepoeng

Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med følgjande indikatorar i tilstandsrapporten:

- nasjonale prøver i engelsk på 5., 8. og 9. steget

Luster kommune skal ha fokus på fylgjande tiltak i arbeid med nasjonale prøvar:

- me må sjå på krava i Kunnskapsløftet/læreplanane i høve til nasjonale prøvar.
- det er ikkje alltid samsvar mellom grunnlaget elevane har fått gjennom lærebøkene, og det dei skal løyse på nasjonale prøvar. Til dømes er logisk tankegang viktig å jobbe med.
- skulane/kollegiet må samarbeide tett frå og med småskulesteget, med målstyring fram mot nasjonale prøvar.
- gjere elevane godt førebudde til gjennomføring av prøvane. Elevane må øvast i prøvesituasjonen i forkant av nasjonale prøvar. Bruk eksempeloppgåvene/tidlegare prøvar som ligg på www.udir.no.
- oppgåvane må lesast opp for elevar som har krav på det.
- lærarar som har ansvar for gjennomføringa må gjerast kjende med instruksane for nasjonale prøvar, og korleis gjennomføringa skal foregå.

2.3.1. Nasjonale prøvar lesing 5. steget

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt: Elevane skal vise at dei kan:


1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Resultata til elevane på nasjonale prøver på 5. steget er presenterte ved ein skala med tre meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Lokale mål


Målet er å vere på fylkessnittet, og over landssnittet samla sett på alle nasjonale prøvar i grunnskulen i Luster.

Nasjonale prøver 5 kl - Lesing



Luster kommune skuleeigar | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Grunnskole



Vurdering

Resultata syner ein del skilnadar mellom dei ulike klassane, noko som ikkje er uvanleg med eit såpass lite elevgrunnlag. Samanliknar me kommunen sine resultat med 2009, så er resultatet noko betre, og likt med fylket og landsresultatet.

Ser me då på målet vårt, så er det delvis innfridd i høve til at me ligg på fylkessnittet, men ikkje over landssnittet.

2.3.2. Nasjonale prøver lesing ungd. steg

Nasjonale prøver i lesing skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med måla for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt ved lesing. Elevane viser at dei kan:


1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Resultata til elevane på nasjonale prøver på ungdomssteget er presenterte ved ein skala med fem meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.


Lokale mål

Lokale mål: Måla til Luster kommune er å vere på nivå med resten av fylket, samt å ha betre resultat enn landet.

Nasjonale prøver 8 kl - Lesing




Nasjonale prøver 9 kl - Lesing



Luster kommune skuleeigar | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Grunnskole



Luster kommune skuleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver lesing 8. trinn

Vurdering

Resultata for kommunen er det beste på fleire år. Det syner blant anna ein god framgang frå 3,1 i 2009, og til 3,4 i 2010. Me ligg no over både fylke og landet. Dette tyder på at mellomsteget har hatt betre fokus på lesing siste året. Prosjekt på leseopplæringa som vart sett igang etter sist år har nytta. Lesing er heilt avgjerande for utvikling og læring i alle fag og i vidare skulegang.

2.3.3. Nasjonale prøvar rekning 5. steget

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag.

Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:


- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Resultata til elevane på nasjonale prøver på 5. steget er presenterte ved ein skala med tre meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Lokale mål


Målet til Luster kommune er å ligge på samme nivå som fylket, men ha betre resultat enn landet.

Nasjonale prøver 5 kl - Rekning



Luster kommune skuleeigar | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Grunnskole



Luster kommune skuleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver regning 5. trinn

Vurdering

Me ligg på samme resultat som i fjor, likt med fylkessnittet, og over landssnittet. Utviklinga på meistringsnivå kan vere verdt å merke seg. Færre på meistringsnivå 3, og fleire på meistringsnivå 1. Fleirtalet ligg på meistringsnivå 2. Målet må vere å få fleire opp på nivå 2 og 3.

2.3.4. Nasjonale prøvar rekning ungd. steg

Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:


- forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring,
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

Resultata til elevane på nasjonale prøver på ungdomssteget er presenterte ved ein skala med fem meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.


Lokale mål

Lokalt mål: Ligge på samme resultat som fylkesresultatet, og vere betre enn landsresultatet.

Nasjonale prøver 8 kl - Rekning




Nasjonale prøver 9 kl - Rekning



Luster kommune skuleeigar | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Grunnskole



Luster kommune skuleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver regning 8. trinn

Vurdering

Luster prestarar betre resultat enn både fylket og nasjonalt. Me har heva snittet mykje sidan sist år, og me ligg dermed over målsetjinga.

2.3.5. Nasjonale prøver engelsk 5. steget

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetanssmål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetanssmål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:


- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytte til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Resultata til elevane på nasjonale prøver på 5. steget er presenterte ved ein skala med tre meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Lokale mål


Lokalt mål: Ligge på samme resultat som fylket, og ha betre resultat enn landet.

Nasjonale prøver 5 kl - Engelsk



Luster kommune skuleeigar | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Grunnskole



Luster kommune skuleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver engelsk 5. trinn

Vurdering

Her er resultatet noko svakare enn i 2009(2,1), men samstundes ligg me likt med fylket og på nasjonalt nivå.

Målet er at me skal ligge over det nasjoanle resultatet.

2.3.6. Nasjonale prøver engelsk ungd. steg

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:


- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Resultata til elevane på nasjonale prøver på ungdomssteget er presenterte ved ein skala med fem meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Lokale mål


Lokalt mål: Ligge på samme resultat som fylket, og ha betre resultat enn landet.

Nasjonale prøver 8 kl - Engelsk



Luster kommune skuleeigar | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Grunnskole



Luster kommune skuleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver engelsk 8. trinn

Vurdering

Luster har betre resultat enn 2009(3,0), og me ligg over både fylket og nasjonalt. Me har fått betydeleg fleire opp på meistringsnivå 5, noko som og var eit mål frå sist år.

2.3.7. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk

Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget


Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

Lokale mål

Lokalt mål: Me skal ligge på nivå med fylkesresultatet, og betre enn landsresultatet.

Luster kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk

Offentleg | Alle trinn | Begge kjønn | Periode 2009-10 | Grunnskole



Luster kommune skuleeier, Grunnskole, Karakterer - matematikk, norsk og engelsk

Vurdering

Målet om å ligge på fylkessnittet er delvis innfridd. Me ligg under på nokre fag(eksamen og standpunkt), og over på nokre. Skilnadane er likevel små. Me ligg over det nasjonale snittet på alle resultatata. Samanlikna med 2009, så har me betre resultat, bortsett frå i matematikk, skriftleg eksamen.

2.3.8. Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole. Grunnskulepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven


Grunnskulepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

Lokale mål

Lokalt mål: Me skal ligge på nivå med fylket, og betre enn landsresultatet.

Luster kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Alle trinn | Begge kjønn | Grunnskole



Luster kommune skuleeier, Grunnskole, Grunnskulepoeng

Vurdering

Luster har hatt ein betring av gjennomsnittskarakteren frå 2009 til 2010. Me har prestert betre enn både fylke og nasjonalt, og auka satsing på vurdering kan ha slege positivt ut. Samstundes må me vere klar over at elevkulla er småe, og at det kan vere stor variasjon frå år til år.

2.4. Gjennomføring

Om Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO

2.4.1. Overgang frå grunnskule til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskulen.

Lokale mål

Lokalt mål: Me skal ligge på fylkesresultatet, og betre enn landsresultatet.

Luster kommune skoleeigar | Samanlikna geografisk

Offentleg | Alle trinn | Begge kjønn | Periode 2009 | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	Luster kommune skoleeier	Kommunegruppe 03	Sogn og Fjordane fylke	Nasjonalt
Overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring (prosent)	98,4	97,2	98,2	96,8

Luster kommune skuleeigar, Grunnskule, Overgangen fra grunnskule til VGO


Vurdering

Her har me same resultat som 2009. Det syner oss at det er god flyt mellom grunnskule og vidaregåande skule. Talet ligg over både fylket og nasjonalt.

Dette tyder på at elevane frå Luster i svært stor grad startar på vidaregåande skule etter grunnskulen. Grunna geografiske avstandar har me ein del elevar som lyt flytte på hybel, men dette ser ikkje ut til å hindre dei i eit vidaregåande løp. Målet vårt må framleis vere å få til ein god overgang som gjer at alle elevar kjem i gang med vidaregåande skule etter avslutta grunnskule.

2.5. Spesialpedagogisk undervisning

Elevar i grunnskulen som får spesialpedagogisk undervisning. Tala er gjevne i prosent.



Luster kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Alle trinn | Begge kjønn | Grunnskole

Vurdering

Resultatet syner framleis ein auke i spesialpedagogiske vedtak. Me har større spesialpedagogiske behov enn både fylket og landet.

3. System for oppfølging (internkontroll)

Verktøy som er sentrale i dette arbeidet er:

- Opplæringslova
- Info-Consensus
- LKK(Luster kommune sitt kvalitetsystem)
- Leiarsamlingar (omlag 5 pr år)
- Skuleleiarsamlingar (omlag 5 pr år)
- Kontinuerleg samarbeid om prosedyrar i arbeidet med kvalitetssikring og kvalitetsutvikling
- Årshjul med innlagde vernerundar

4. Konklusjon

Drifta i grunnskulen vert følgd av planar, lover og reglar. Det vert arbeidd systematisk med både fagleg og sosial del. Stadige endringar som skulen er pålagd utfordrar. Dette gjeld både på skulen sitt innhald og omfang av undervisninga.

Grunnskulen i Luster nyttar tenesteplanar i planlegging og gjennomføring av arbeidet sitt. Det vert og arbeidd ut utviklingsplanar for kvar skule der ein prioriterar utviklingsfelt for kvart skuleår. Felles plan for kompetanseutvikling og skuleutvikling for grunnskulen i Luster ligg til grunn for skulane sine planar.

Det er tett samarbeid mellom rektorane på skulen og rådmann, det er etablerte fora der ein kan nytta ulike resultat frå skuleundersøkingar som drøftingsgrunnlag til vurdering av tiltak og nye målsetjingar for grunnskulen i Luster.


Ein kan konkludere med god trivsel, godt læringsmiljø og god fagleg rettleiing. Dei faglege resultatata er bra, men varierar noko.

Lustraelevane opplever sjølve høg grad av meistring, og dei får stor grad av faglege utfordringar.

Vurdering og fagleg rettleiing vert særleg viktig å ha fokus på framover. 4 skular i kommunen er med i ei nasjonal satsing på vurdering, nettopp for å gjere skulane i kommunen betre på vurdering og rettleiing.

Utifrå brukarspørjingar og elevundersøkingar er vårt inntrykk at dei fleste elevar og føresette opplever grunnskulen i Luster som ein trygg og god skule. Dette er eit viktig element i arbeidet med å få elevane tilbake til kommunen etter endt utdanning.

LUSTER KOMMUNE - ORGANISASJONSMODELL



Politiske organ

Kommunestyret (29 representantar) er kommunen sitt øvste politiske organ. Alle store/viktige saker vert avgjorde her, etter tilråding frå formannskapet/næringsutvalet (7) eller plan- og forvaltningsstyret (7). Dei to sistnemnde organ avgjer sjølv ein del saker etter fullmakt frå kommunestyret. I tillegg får kommunestyret også nokre saker frå eige kontrollutval (5) og frå mellombelse komitear (særskilde saker). Alle val til faste politiske organ er for 4 år. Ordføraren er kommunen sin fremste politiske representant. Han leiar møta i kommunestyret og formannskapet/næringsutvalet.

Rådmannen

Rådmannen leiar administrasjonen, har tilrådingsrett i alle saker til politiske organ og har ein overordna oppfølgings- og støttefunksjon for alle underliggjande tenesteeiningar. Rådmannen avgjer sjølv ein del saker etter fullmakt frå kommunestyret. Rådmannen har 8 ulike stabseiningar til å hjelpe seg i dette arbeidet. Dette er personal/organisasjon, økonomi, eigedom, oppvekst, pleie/omsorg, plan, næring og servicetorget. Rådmannen har, blant sine stabsleiarar, peika ut primære kontaktpersonar for alle tenesteeiningar.

Tenesteeiningane

Kommunen har 29 tenesteeiningar som primært yter tenester til innbyggjarane. Kvar eining har ein eigen leiar som rapporterer til rådmannen, då primært til ovannemnde kontaktperson. Desse leiarane arbeider med grunnlag i eit eige administrativt delegeringsreglement, fastsett av rådmannen.

1) Kommunen har følgjande 9 skular: Dale skule, Gaupne skule, Hafslø barne- og ungdomsskule, Indre Hafslø skule, Jostedal skule, Luster ungdomsskule, Skjolden skule, Solvorn skule og Veitastrand skule.

2) Kommunen har følgjande 10 barnehagar: Gamlestova barnehage, Gaupne barnehage, Grandmo barnehage, Hafslø barnehage, Indre Hafslø barnehage, Jostedal barnehage, Luster barnehage, Skjolden barnehage, Veitastrand barnehage og Solvorn barnehage.

3) Kulturskolen er interkommunal. Leikanger er vertskommune.

4) Sogn barnevern er interkommunalt. Sogndal er vertskommune.

5) NAV Luster er leia i ein partnarsskap mellom stat og kommune.